

N

TIRSDAG 15.04.14

NATIONEN

DISTRIKTENES NÆRINGSAVIS · NR. 89 · 2014 · www.nationen.no

A-AVIS

82.000
DAGLIGE LESERE

+12%

* REPORTASJE · 12-13

Wenche satser tross fraflytting



Wenche Haugen Havrevoll.

* POLITIKK · 6

Lisensjakt hindrer skadefelling av ulv





Her satsar Wenche på All Verdas aktivitet og v

All Verdas: Under ei fjellkjede ligg inngangen til garden der firmaet All Verdas held til.

Å kunne tilsetje er ein draum. Ho er på veg, gründeren som vidarefører ungdomsbedrifta til sonen. Skulejobben har ho alt lagt bak seg.

SULDAL. For knappe to år sidan starta Wenche Haugen Havrevoll butikk der ingen skulle tru at nokon kunne bu. Suldal i Ryfylkeregionen er ras-utsett, har utfordringar på vegnettet og er spådd ein negativ folketalsutvikling, men ho sa opp lærarjobben og skal lukkast med eiga verksemd.

Stadig færre innbyggjarar har lenge vore ei utfordring i Suldal.

– Vi er opptekne av å snu trenden, seier ordførar Torkel Myklebust (Sp). Han gler seg over å ha snudd folketalsnedgangen.

– Utfordringa for «indre strok» i Rogaland er felles med «indre strok» elles på Vestlandet. Kysten har sterkt vekst og indre deler slit, seier ordføraren. Han tenkjer at vegane er ein av hovudgrunnane. I tillegg til å satse på betre vegar stimulerer han også nyetablerarar. Suldal er ein av kommunane med eige næringsfond. Gjennom fondet blir det årleg utbetalt fleire millionar kroner i tilskot og lån til bedriftsetableringar.

Statistisk sentralbyrå (SSB) si utrekning kan visa at positiv utvikling held fram.

– Dagens tal bygger på perioden fra 2007 til

2011. I desse åra auka innbyggjartalet i dei aller fleste kommunane i Rogaland, men Suldal hadde ein liten nedgang. Neste prognose kjem i sommar, seier Marianne Tønnesen i SSB til Nationen.

Hoppar i det

Ein av nykomarane er All Verdas gåver og brukssting som ligg på Nesflaten, ein utkant i Suldal kommune. Fylket oppmodar gründerar til å hoppa i det via nettsida hoppid.no. Den tilbyr hjelp til nyetablerarar. Men, går det an å driva butikk på ei såpass liten plass?

– Det å bu så grisgrendt, er ganske krevjande når eg skal driva butikk. Eg har tre mil kvar veg til den neste vesle bygda og fem mil til kommunenesenteret. Når eg skal reisa, til dømes for å halda føredrag, har eg alltid lang veg, men eg har valt å bu her, og eg kjem ikkje til å flytta, seier Wenche Haugen Havrevoll som driv butikk og nettbutikk på odelsgarden Haugen.

Det starta med sonen Tjerand sin ungdomsbu-tikk gjennom eit valfag på skulen. Den er i dag All Verdas gåver og bruksting. Han fekk 4000 kroner



i støtte frå eit prøveprosjekt Landbruks- og matdepartementet hadde for ungdomsbedrifter for dei mellom 13 og 20 år. Då Tjerand flytte heimifrå for å ta utdanning, hadde ikkje mor noko val slik ho såg det. Språklæraren på ein skule med 29 elevar kjøpte varelageret av sonen og begynte på etablerarkurs i regi av Suldal Vekst og Næringshage.

– Eg har lyst til å skapa ein arbeidsplass og bidra til aktivitet og vekst, seier ho.

Er i vekst

– SSB har varsla at Suldal blir den einaste kommunen i Rogaland med færre innbyggjarar i 2030. Korleis er utsiktene for gründerane?

– Me har fleire nettbaserte bedrifter. Dei som starta for nokre år sidan er i vekst. Suldal Vekst er ein del av det nasjonale næringshageprogrammet til SIVA, og me har utviklingstenester til alle som ynskjer å starta for seg sjølv. Vi følgjer dei ganske tett, seier Laila Steine, dagleg leiar i Suldal Vekst.

Suldal har 890 bedrifter. Innovasjon Noreg kan bidra med etablerartiskot om ideen representerer noko heilt nytt og gründeren har ambisjonar om å utvikla ei vekstbedrift. All Verdas er teken opp som målbedrift i næringshagen, og er dermed deltakar i programmet.

All Verdas gåver og bruksting er eit dekkande



ekst

FOTO: ALLVERDAS.NO



Har trua: Wenche Haugen Havrevoll er gründer i eit utkantområde spådd folketalsnedgang, men ho har trua.

FOTO: LISE BJELLAND



Handspunnen: Med handspunnen nesle vil All Verdas at firma får augo opp for fine dukar – og føredrag om produksjonen.

FOTO: LISE BJELLAND

namn, her er verkeleg all verdas interiør, fargerike korger, tekstil: pashmina, ull, alpakka, tova tøflar og økologisk bambus. Bedifta er medlem i Ryfylkealliansen. Alliansen er ei foreining med mål om å fremja identitet, bulyst og verdiskaping i Ryfylke.

– Har du fått den etablerarstøtta du trong?

– Eg trong ikkje hjelp med kapital for å gå i gang. Eg har butikken på garden, så eg hadde hus. Men eg treng hjelp til å tryggja og utvikla drifta, så eg er svært glad for at eg er målbedrift i Suldal Vekst. Ikkje minst er eg glad for å bli teken seriøst. Å kunna bruka subsidierte tenester, er viktig for meg, seier Wenche Haugen Havrevoll.

– Butikkens namn er ikkje så lett å finna på nettet?

– Eg må vera tru mot vår lokale identitet, og då må eg bruka mitt eige språk, som altså er nynorsk. Det er vanskelegare å nå fram på nynorsk enn på bokmål. Ein må eigentleg vera idealist for å få det til, men akkurat det er lett for meg, seier Haugen Havrevoll.

Må ta tid

– Kva kjenneteiknar dei som lukkast?

– Gründerane må gi prosjekta tid. Eg har stor tru på Suldals gründerar, seier Steine.

– Eg har permisjon frå skulen i eit år for å driva butikk. Eg brukar alle moglegheiter; fysisk bu-

’’

Det har gått
såpass bra at
eg har sagt opp
lærarjobben.

WENCHE HAUGEN HAVREVOLL
EIGAR AV ALL VERDAS

tikk, nettbutikk, marknader, messer, føredrag med varesal i lag/organisasjonar, engros-sal og ikkje minst gåver og profileringartiklar til bedrifter. Det har gått såpass bra at eg har sagt opp lærarjobben, seier Haugen Havrevoll.

Ho har eigen import og reiser til Nepal to gonger i året der ho besøkjer forhandlarar og produsentar.

– Me ynskjer rettferd og kvalitet i produksjon og handel. Det er viktig at vi orienterer oss ved sjølvsyn på produksjonsnivå.

Ho seier at når ein blir kjend med folk, fører det gjerne til at ein involverer seg i deira kvardag. Gründerar hjelper gründerar. Ho har støttu ulike prosjekt i Nepal, som eit lite kraftverk som no gir straum til over 600 husstandar i ei veglaus bygd.

– Er draumen å bli i stand til å ha tilsette?

– Ja, det er ein draum. Men eg set meg små mål, for då har eg betre sjanse til å lukkast. Stein på stein, og mange bekker små, det er ein småbrukars tankegang. Eg er vand med småbruk. Det vil sia å skaffa seg fleire bein for drifta.

Kvinnovasjon Vekst

Kvinnovasjon Vekst er eit skreddarsydd tilbod for kvinnelege etablerarar med ynske om å veksa.

– Me har delteke i Kvinnovasjon i mange år, med stor suksess, seier Steine. Her hjelper me bedrifter med utviklingsbehov. Gjennom næ-

ringshageprogrammet får bedriftene tilgang på utviklingstenester.

– All Verdas er med i Kvinnovasjon, men du er også registrert som sauebonde?

– Ja, me har 50 vinterföra sauher og driv gard. Fjoråret gjekk bra for All Verdas, men kampen for å lukkast krev ressursar, ikkje minst den viktige marknadsføringa.

TOVE ANDERSSON

redaksjonen@nationen.no

Fakta

Om Suldal

* **Suldalsposten, som blir** driven av sju kvinner, er kåra til årets lokalavis av Landslaget for lokalaviser (LLA).

* **Gjennom hoppid.no-kontora ute** i kommunane, kan gründeren få råd og rettleiding i spørsmål knytt til etablering av eiga bedrift.

SSB om den generelle busetjinga:

* **Ved årsskiftet var** det registrert 5.109.000 busette i Noreg, 57.800 fleire enn ved forrige årsskifte. Veksten har dermed minka med 7600 sidan 2012, og vi må attende til 2007 for å finne svakare vekst i absolutte tal.

* **Nettoinnvandringa frå utlandet** stod for 69 prosent av folkeveksten. (SSB)